

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Protokoll frå studenttingsmøtet 19.04.17

Tid 19. april 2017 kl 16.30
Stad Strøm 243

Til stades med stemmerett:
AHL: Trym Nikolas Rimmen (H), Nikolai Bjørnevik Flisnes (H),
AKF: Herman Bjørneset Jensen (h), Bettina Indgjerd (V)
AMF: Pernille Røe (H), Svend Andreas Aspaas (V)
ASH: Oda Skoglund (H), Silje Brekka (H)
FR: Toril hagen (H), Guro Kvist (H), Maria Røvik Dyrli (V)

Til stades utan stemmerett:
AU: Karoline Strand (leiar), Lisa S. Kalvø (nestleiar/fagansvarleg), Håvard Bjørnerem (infoansvarleg), Marie Havnsund (entr. og næringslivskoordinator), David Fiskaa (velferdsansvarleg)
Kontrollkomitéen: Serghei Levenco, Eirik Nybø
Andre: Erlend Kvernmo Langset (ordstyrar), Christian Christiansen, Egzon Krasniqi (tom. sak 66), Stian Kvalsund, Natalie Beitveit, Natalia Ramirez Garcia, Marie Dahle Storfjord, Pål Jonas Mundal, Paloma Lorenzale Alonso, Simen Langeland, Kristina Kalinina, Tormod Smedsvig (fom. sak 68), Marit Aklestad (referent).

Sakliste:

Sak 60 – Val av ordstyrar og teljekorps
Sak 61 – Godkjenning av innkalling og referat
Sak 62 – Godkjenning av sakliste og dagsorden
Sak 63 – Orienteringar
Sak 64 – Prøveperiode, opne undervisningsrom
Sak 65 – Arbeidsprogram 2017-2018
Sak 66 – Val av leiar i STiV
Pause
Sak 67 – Val av fagansvarleg i STiV
Sak 68 – Val av velferdsansvarleg i STiV
Sak 69 – Val av internasjonalt ansvarleg i STiV
Sak 70 – Val av informasjonsansvarleg
Sak 71 – Val av medlem i kontrollkomiten
Sak 72 – Val av studentrepresentantar til styret i samskipnaden
Sak 73 – Oppnemning av arbeidsgruppe for revisjon av vedtektene
Sak 74 – Ymse

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 60 – 16/17 Val av ordstyrar og teljekorps

Arbeidsutvalet innstilte Erlend Kvernmo Langset som ordstyrar og Serghei Levcenvo og Eirik Nybø som teljekorps.

Vedtak:

Studenttinget vel Erlend Kvernmo Langset som ordstyrar.

Studenttinget vel Serghei Levcenco og Eirik Nybø som teljekorps.

Sak 61 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Ingen merknader til innkallinga og referatet.

Vedtak: Studenttinget godkjenner innkallinga og referat.

Sak 62 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Merknad frå AU: forslag om å byte plass på sak 69 og 70.

Vedtak: Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden, med endring i rekkjefylgja på sak 69 og 70.

Sak 63 – 16/17 Orienteringar

Arbeidsutvalet v/ Karoline Strand orienterte om fylgjande:

- Promotering av AU-valet
- Studenttingsfest 6. mai

Vedtak : Det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Studentttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 64 – 16/17 Prøveperiode, opne undervisningsrom

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard orienterte om arbeidet AU har gjort for å få til ei prøveperiode med opne undervisningsrom. For å få gjennomført prøveperioden, må STiV utarbeide eit notat til leiinga med konkrete forslag til kva rom som skal vere opne, tidsrom og evt. andre punkt som bør vere med i prøveperioden. Innspel frå STiV:

Rom:

- Kaarstad 104, 201, 204, 206, 301 (K 210 og 310 er allereie døgnope for MID)
- Asen 106, 107, 108
- Strøm 242 og 243
- BK 158 og 159

Tidsrom:

- 07-23
- 07-24 - då samsvarar det med fristar for innlevering av arbeidskrav, som ofte er 23.59.

Retningslinjer:

- Studentane må fylgje generelle ordensreglar.
- Kan vere i form av plakatar ved dørene «har du hugsa å rydde etter deg?» og god informasjon ut til studentane om prøveordninga

Vedtak: Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

AU tek med seg innspela frå STiV i utarbeidinga av notat til leiinga.

Studentttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 65 – 16/17 Arbeidsprogram 2017-2018

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Marie Havnsund

Arbeidsutvalet har med utgangspunkt i arbeidet som vart gjort på verkstaden 4. april, utarbeidd forslag til nytt arbeidsprogram for perioden 2017-2018. Studenttinget diskuterte framlegget, og det kom eit endringsforslag.

Guro Kvist fremja endringsforslag:

Studiekvalitet og studieprogram, punkt 9. erstattast av fylgjande tekst:

«Arbeide for varierte eksamensformer tilpasset formålet med det aktuelle studiet.»

Votering: samrøystes vedteke.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner arbeidsprogrammet for 2017-2018, og gjev arbeidsutvalet mynde til å gjere eventuelle redaksjonelle endringar i dokumentet.

Votering: samrøystes vedteke.

Studentttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 66 – 16/17 Val av leiar i STiV

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Karoline Strand

Ordstyrar orienterte kort om sjølve valprosessen, møteskikk og vedtekter knytt til gjennomføring av val av nytt Arbeidsutval.

Karoline Strand orienterte kort om leiarvervet og det vart opna for spørsmål. Ein kandidat stilte til val; Håvard Bjørnerem. Bjørnerem heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Håvard Bjørnerem vart vald til ny leiar i STiV

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 67 – 16/17 Val av fagansvarleg i STiV

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Lisa Storheim Kalvø

Forslag til vedtak: Ordstyrar fremja forslag om tre minutts taletid og maks seks oppfylgningsspørsmål til kandidatane.

Votering: samrøystes vedteke.

Lisa S. Kalvø orienterte om vervet som fagansvarleg i STiV og svarte på spørsmål. Ein kandidat stilte til val; Oda Næs Skoglund. Ho heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Oda Næs Skoglund vart vald til fagansvarleg i STiV

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 68 – 16/17 Val av velferdsansvarleg i STiV

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: David Fiskaa

David Fiskaa orienterte om vervet som velferdsansvarleg og svarte på spørsmål. Tre kandidatar stilte til val; Guro Kvist, Stian Kvalsund og Natalie Beitveit. Dei tre heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Guro Kvist vart vald til ny velferdsansvarleg i STiV

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 69 – 16/17 Val av internasjonalt ansvarleg i STiV

Type sak:

Vedtakssak

Sakshandsamar:

Marie Havnsund

Marie Havnsund orienterte om vervet som internasjonalt ansvarleg i STiV og svarte på spørsmål. Tidlegare internasjonalt ansvarleg i STiV, Natalia Ramirez Garcia, supplerte og svarte også på spørsmål. To kandidatar stilte til val; Christian Christiansen og Paloma Lorenzale Alonso. Dei heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Paloma Lorenzale Alonso vart vald til internasjonalt ansvarleg i STiV

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 70 – 16/17 Val av informasjonsansvarleg i STiV

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Forslag til vedtak: Ordstyrar fremja forslag om maks tre spørsmål til kandidatane. Studenttinget la til at ein likevel kunne stille tre enkeltvise spørsmål.

Votering: samrøystes vedteke

Håvard Bjørnerem orienterte om vervet som informasjonsansvarleg og svarte på spørsmål. To kandidatar stilte til val; Bettina Indgjerd og Simen Langeland. Dei heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Simen Langeland vart vald til informasjonsansvarleg i STiV.

Studentttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 71 – 16/17 Val av medlem i kontrollkomiteen i STiV

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: David Fiskaa

Daavid Fiskaa orienterte om vervet som medlem i kontrollkomiteen i STiV.

Ingen stilte til vervet.

Vedtak: saka vert utset til første møte i haustsemesteret.

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 72 – 16/17 Val av studentrepresentantar til styret i samskipnaden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Lisa Storheim Kalvø

Lisa S. Kalvø orienterte om verva i styret i Studentsamskipnaden i Volda. STiV skal velje tre medlemer og tre varamedlemer. Varamedlemene er rekkjefylgje-varaer, og ikkje personleg vara. Seks kandidatar stilte til val: Svend Andreas Aspaas, Pernille Røe, Karoline Strand, Håvard Bjørnerem, Tormod Smedsvig og David Fiskaa.

Forslag til vedtak: Ordstyrar fremja forslag om å avgrense valtalet til 1 minutt, og svar på spørsmål til eit halvt minutt.

Votering: samrøystes vedteke

Kandidatane heldt valtale og svarte på spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Nyvalde styremedlemer i Studentsamskipnaden i Volda 2017-2018 er:

1. Tormod Smedsvig
2. Karoline Strand
3. Svend Andreas Aspaas

Varaer:

1. David Fiskaa
2. Pernille Røe
3. Håvard Bjørnerem

Studenttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 70 – 16/17 Oppnemning av arbeidsgruppe for revisjon av vedtektene til STiV

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Arbeidsutvalet ser behov for ei arbeidsgruppe som kan gå igjennom vedtektene i sin heilskap og kome med forslag til revisjon.

Forslag til vedtak:

STiV set ned ei arbeidsgruppe på minst tre personar som går igjennom vedtektene til STiV og arbeidet fram forslag til endringar. Arbeidsgruppa leverer sine endringsforslag med grunngjevingar til AU innan 1. september.

Endringsforslag:

Karoline Strand fremja endringsforslag: Endre vedtaket til «**AU** set ned ei arbeidsgruppe...»

Votering: endringsforslaget samrøystes vedteke.

Studentttingsmøter 2016-17

Protokoll nr 8/16-17

Møtedato 19.04.17



Sak 70 – 16/17 Ymse

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Det vart ikkje meldt inn nokon saker under ymse.

Møteslutt 19:50

Volda 19.04.2017

A handwritten signature in blue ink, reading 'Håvard Bjørnerem', is written over a horizontal line.

Håvard Bjørnerem

Leiar

Studenttinget i Volda

A handwritten signature in blue ink, reading 'Marit Aklestad', is written over a horizontal line.

Marit Aklestad

Organisasjonskonsulent

Studenttinget i Volda